

2021/2022

Årsplan for Onarheim barnehage



Fokus på uteliv og lokal historie
Nærmiljø og samfunn

Velkomen til Onarheim barnehage	2
Velkomen til eit nytt barnehageår	3
Visjon – glade vaksne, glade barn	3
Livsmeistring og helse – psykososialt miljø	4
EG KAN!	4
Trivsel, vennskap og tilvenning	5
Leikegrupper.....	5
Kviletid	5
Fysisk aktivitet	5
Mat og måltid	6
Uteliv	6
TURDAGAR – nærmiljø og samfunn	7
Omsorg	7
Leik og læring	8
Danning	8
Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap.....	9
Berekraftig utvikling	9
Kommunikasjon, språk og tekst	9
Språkleiken BRAVO.....	10
Barns medverknad.....	10
Sjølvbestemmelse.....	10
Medbestemmelse.....	10
Samarbeid barnehage-heim	11
Overgangar	12
Førskulegruppa.....	12
Barnehagen som pedagogisk verksemd	13
Planlegging, dokumentasjon og vurdering.....	13
Fagområda i rammeplanen	14
Samarbeidspartnarar.....	14
Kartlegging av syn.....	15
Progresjon	15
ÅRSHJUL.....	16
Nyttige lenkjer	16



Velkomen til Onarheim barnehage

Årsplanen vår skal vere eit arbeidsverktøy for ansatte, gje informasjon om korleis med driv barnehagen, og kva verdiar og haldningar som er viktige for oss.

Målet vårt er å laga eit pedagogisk læringsmiljø for borna, kor me alltid har bornas beste i fokus. Tida i barnehagen er ein viktig start på eit langt utdanningsløp, og me skal gje alle born dei beste vilkår for ein god start i livet.

Mangfald, likestilling, og menneskeverd er viktig for oss her i Onarheim barnehage. Alle barn er like viktige, og dei skal få oppleve glede, fellesskap og meistring uansett alders og funksjonsnivå. Hovudfokuset for oss i år blir fagområdet «nærmiljø og samfunn» med fokus på lokal historie.

Årsplanen er godkjent i SU den 07.06.2021

Onarheim barnehage er i dag ein 2 avdelingsbarnehage med opp til 42 plassar. Barnehagen og skulen ligg i same bygg og barnehagen nyttar deler av skulen til barnehagedrift. Ny barnehage står for tur, og me reknar med å kome nokre skritt vidare i denne prosessen ila året.

Barnehagen ligg sentralt i bygda og har fine turområder rundt. Barnehagen disponerer ei leikehytte med fint ulendt terreng like i nærleiken. Det er kort veg til butikk og anna næring.

Styrar: Marianne Tvedt

Marianne.tvedt@tysnesoppvekst.no

Tlf. 99 53 44 47

Avdelingar:

Valberg: 90 52 50 72

Blåbærhaugen: 97 41 63 37

Adressa er:
Onarheimsvegen
299
5694 Onarheim

Velkomen til eit nytt barnehageår

Dei vaksne som jobbar i barnehagen i år er:

Valberg:

- **Pedagogisk leiar:** Svanhild Markhus Tysnes
- **Barnehagemedarbeidar:** Rebekka Helgesen
- **Barne- og ungdomsarbeidar:** Kristine Folgerø
- **Barnehagelærarstudent:** Janne Hatteberg

Blåbærhaugen:

- **Pedagogisk leiar:** Karen Vikanes
- **Barnehagelærer:** Silje Benedicte Lavik
- **Barne- og ungdomsarbeider:** Jolita Bruziene



Barnehagen vert driven i samsvar med:

- Lov om barnehagar og Kunnskapsdepartementets forskrifter og retningslinjer
- Rammeplan for barnehagen
- Vedtektene for barnehagane i Tysnes kommune
- Interne planar i Tysnes kommune
- Årsplan for barnehagen
- Periodeplanar

Visjon – glade vaksne, glade barn

Barnehagens verdigrunnlag skal formidles, praktiseres og oppleves i alle deler av barnehagens pedagogiske arbeid (Rammeplan for barnehager)

Tysnesbarnehagane sin visjon er: Glade vaksne glade barn



Livsmeistring og helse – psykososialt miljø

I dei siste åra har me jobba mykje med vaksenrolla og nyare syn på barn. Alle vaksne skal ha eit «varmt blikk» i møte med barn, og me skal vere autoritative. Kvart barn skal kjenne seg betydningsfull, verdifull, anerkjent og viktig, og det er oss vaksne som skal ta ansvar for relasjonen i møte med borna. Det å sjå bak atferd og hjelpe borna til å handtere kjenslene sine er viktig for oss, og på denne måten skapar me tryggleik for borna.

I januar vart det lovfesta at barnehagen ikkje skal godta krenking som til dømes utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen utsettes for slike krenkingar. Barnehagen skal forebygge tilfeller kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremje helse, trivselen, leiken og læringa til barna.



Me er: større, sterkare, klokare og god i møte med borna

Arbeid med livsmeistring og helse kan sjåast gjennom heile barnehagekvardagen, og me vil fortsetje med å ha fokus på «eg kan».

EG KAN!

Eg kan synge, eg kan skape, eg kan danse

eg kan gape, eg kan rope, eg kan sanse

eg kan tegne, eg kan tale, eg kan hoppe,

eg kan stupe, eg kan male, eg kan stoppe

eg kan grine, eg kan le, eg kan kose

eg kan lukte, eg kan kjenne, eg kan rose

eg kan smile, eg kan tøyse, eg kan gjeremen mest av alt kan eg lere
det å **vere**



Det å jobbe for at barna skal oppleve meistring både i den ein er, og det ein gjer er ein viktig del av jobben vår. Alle barn er unike og ulike, og i Onarheim barnehage skal me hente fram det gode i kvart enkelt barn, og gje dei meistringskjensle og tru på at eg kan, og at eg duger. I alt frå påkledning til å vere ein god ven er det ein forutsetning at ein har tru på at ein kan, og dette skal me jobbe for at samtlege barn erfarer på ein positiv måte.



Trivsel, vennskap og tilvenning

Når sommarferien er over er det tid for eit nytt barnehageår. Nokon treng kanskje litt tilvenning på nytt, nokon er heilt ny i barnehagen, og nokon skal byte avdeling. Me i Onarheim barnehage skal sikre ein trygg og god kvardag i barnehagen, og me skal legge til rette for trivsel, vennskap og gode relasjonar på tvers av avdelingane. Her hos oss vil borna bli møtt av engasjerte vaksne som gjer sitt beste for at borna skal få ein trygg og god kvardag. Heilt nye born vil få ein primærkontakt som skal vere ein trygg base for barnet, særleg i tilvenningsperioden.

Leikegrupper

I år vil me fortsetje med leikegrupper for borna. Det vil vere ein fast vaksen som fylgjer ei leikegruppe, enten innad på avdelinga, eller på tvers av avdelingane. I leikegruppa er den vaksne eit støttande stillas, leikekamerat, og observatør. Det ligg ikkje naturleg for alle born og inkludere seg sjølv i leiken utan hjelp frå ein vaksen, og det er ikkje alle barn som har ro eller konsentrasjon til å halde fast ved ein aktivitet. Då er det viktig med ein aktiv og deltakande vaksen som både er trygg, til stades, og på barnas nivå. Borna vil til dagleg vere ein del i primærgruppene, men også i frileik med andre born på avdelinga


Kviletid

Under livsmeistring og helse i rammeplanen står det at borna skal ha ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen. I det komande barnehageåret vil me fokusere på høgtlesning og kvile ein gang midt på dagen for dei eldste, og soving for dei yngste. I kviletida skal borna øve seg på å slappe av medan dei lyttar, og bli gode på å regulere kroppen frå aktivitet til kvile. Gode rutinar for både kvile, leikegrupper og andre pedagogiske aktivitetar er viktig for bornas trivsel og danning av vennskap.

Fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet står sentralt innan livsmeistring og helse, og i det komande barnehageåret skal me fylgje «fysisk aktivitetskalender» som fysioterapeut Anne Oppdal har laga. Denne vil også inngå i «Bravo» som er ein del av språkstimuleringa. Me kjem til å fortsetje med å nytte gymsalen, både til frileik og andre tilrettelagte aktivitetar.

Lengre turar, organisert leik/aktivitetar kor ein må vere aktiv, samt «herjing» skal vere ein del av kvardagen til borna.



Mat og måltid

I fylgje rammeplanen skal måltid og matlaging i barnehagen gje barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.

Matglede for oss er ikkje om borna et opp skorpa si eller kor lenge dei kan sitje fint med bordet. Det er viktig å utvikle eit sunt forhold til mat, og det viktigaste er å smake på ulike ting, oppleve glede rundt eit måltid, og å ha gode rollemodellar. Det komande året skal me ha bakedagar og dagar kor me lagar varmt måltid. Både INNE og UTE! For oss er det viktig at barna lærer kor maten kjem frå, korleis den blir laga, og at den ikkje berre kan handlast på butikken. Me skal laga mest mogleg frå botn av, og ungane skal delta aktivt i matlaginga. Me skal lage/bake sunn og variert mat, men det vil også vere lov å kose seg litt ein gong i blant.



Uteliv

I kjølevatnet av korona er me blitt gode på uteliv. Det me kan gjere inne kan me gjere ute! Me ser at borna har større behov og glede av å få vere ute enn inne.

Me har eit fantastisk uteområde som eignar seg for både store og små; SKOGEN. Både små og store føter kan gå til skogen, og det er ingenting i vegen for at dei yngste tek kvilen sin i ei vogn eller hengekøye der.

Alle barn skal i løpet av veka ha aktivitetar både ute, og inne i hytta i «skogen». Me kjem til å legge til rette for pedagogiske aktivitetar som matlaging, samlingsstunder, og bordaktivitetar, men mest av alt den frie leiken. Borna har tilgang på verktøy, og dei får brukt både nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær.



Utelivet i gruppa skal gje oss eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags vær. Me ynskjer at borna skal oppleve naturen gjennom lek og utforsking, og me skal legge til rette for at barna skal få gode naturopplevingar, samt oppleve naturen som arena for lek og læring gjennom fleire av barnehagens fagområder.



Å leike ute i variert natur, gjev borna motoriske utfordringar, då dei får kjenne på mestring gjennom eigne grenser. Leiken har stor plass i skogen, og variasjon i både vær og årstid gjev spennande elementer å ta med inn i leken. Barna får ulike mulegheiter til rollelek, konstruksjonslek og risikolek.

Naturen er ein ypperleg arena for å bruke sansane, sjå, høyre, lukte, føle, og smake på den. Borna skal få lære om respekt for naturen og korleis me tek vare på den. Dei skal få kjennskap til det som lever der, både det som spirer og gror, samt insekt og dyr.

TURDAGAR – nærmiljø og samfunn

I rammeplan for barnehagar står fylgjande: Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna

- oppmuntres til å medvirke i egen hverdag og utvikler tillit til deltaking i samfunnet
- erfarer at alle får utfordringer og like muligheter til deltaking
- utforsker ulike landskap, blir kjent med institusjoner og steder i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdes trygt
- **blir kjent med lokalhistorie og lokale tradisjoner**
- blir kjent med ulike tradisjoner, levesett og familieformer
- blir kjent med at samene er Norges urfolk, og får kjennskap til samisk kultur
- får kjennskap til nasjonale minoriteter.



Etter innspel frå foreldra skal me no bli enda betre på å bli kjent med lokal historie. Me kjem til å utforske nærmiljøet og samfunnet for å gjere oss kjent med forteljingar frå gamle dagar, tradisjonar og lokal kultur. Me kjem til å utforske stadsnamn, og gå turar til både fjell, land og strand.

Me fortset med å ha eigen turdag for dei to eldste gruppene.



Omsorg

Me i barnehagen arbeidar med omsorg på fleire måtar. Me sørger for at barn får den omsorgen kvar enkelt har behov for både fysisk og psykisk. Me har ei hand å halde i, eit fang å sitje på, ei skulder å gråte på og me har alltid ein god og varm klem tilgjengeleg. Me samtalar med, støtter, løfter og framsnakker borna for å gjere dei meistring og god sjølvfølelse. Me legger til rette for gode dialogar, gode relasjonar og tilknytning mellom born- vaksen og born – born.

Tolmodige og annerkjennede vaksne er nøkkelen for omsorg og tryggleik.

Lite søvn og eit fang.

Eit barn våkner tidleg etter kvilen. Dei vaksne veit at barnet trenger litt meir søvn for å ha ein god ettermiddag i barnehagen, og prøver derfor å bysse barnet i søvn igjen.

Barnet klarer ikkje sove meir og er veldig urolig. Ein av dei vaksne tek opp barnet og inn på avdeling. Barnet får sitje på fanget og kose til det er heilt våken og klar til å gå ut saman med dei andre.



Leik og læring

Leik og læring er to områder som går hand i hand. Born lærer mykje i leiken.

Undring og utforsking, skaparglede og kreativitet er sentrale faktorer innanfor leik og læring. Sosial kompetanse, språk, motorikk og matematikk er bare nokre få områder barna utvikler gjennom leiken.

Born brukar egne erfaringar og kunnskap i leiken, noko som bidrar til vidareutvikling på mange områder. Me i barnehagen brukar difor mykje tid på leiken. Me har frileik der borna er fri til å styre leiken sjølv både med og utan vaksne, og vaksenstyrt leik der ein vaksen tilretteleggjer og styrer leiken på bornas nivå.

Me i barnehagen ser på leiken gjennom barns auger. Er det herjing og bråk når barn springer og hylar? Eller er det barn som osar av glede gjennom aktiv leik?

Det er ikkje lydnivået som definerer ein god leik.

I vår barnehage vil me legge til rette for at alle barna får utvikle egne interesser samstundes som barnehagen legg til rette for felles opplevingar som grunnlag for å utvikle undring, felles leikerepertoar, samspel og meistring. Vi vil nytte alle kvardagsaktiviteter som læringsarena, frå av- og påkledning, måltid og kvilestund, til gardsbesøk, tur i fjæra og studie av insektar mm.



Danning

Danning kjem også veldig sentralt i vårt arbeid med omsorg. Danning handlar om å utvikle kunnskap, verdiar og haldningar saman, gjennom dialog. Alle anerkjennast som sjølvstendige individ med egne tankar og følelsar. Me vaksne må være gode samtalepartnarar, samhandlingspartnarar og rettleiarar. Noko me visar gjennom at me er interessert i kva born har å seie og stiller gode spørsmål som får barna til å tenke og finne løysingar sjølv.

To gutar, ein traktor.

Ole leiker med ein traktor. Per hadde lyst på denne traktoren, og tek den ifra Ole. Ole blir sint og slår Per.

Ein vaksen observerer situasjonen og går bort til gutane for å prate med dei.

Per er lei seg fordi Ole slo, og Ole er lei seg fordi Per stjal traktoren. Den vaksne stiller spørsmål til gutane som hjelper dei å tenke kva dei skulle ha gjort.

Dei tenker nokon sekunder, så spør Per "Kan eg få låne traktoren?". Ja, svarar Ole.



Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap

«Sosial kompetanse er en føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskapar og haldningar som utvikles gjennom sosialt samspell». (Rammeplan for barnehage)

Sosial kompetanse handlar om å kunne kommunisere og samhandle godt med andre i ulike situasjonar. Me nyttar læreverket «Det er mitt val» og «hjerteprogrammet» som grunnlag for arbeidet med sosial og emosjonell kompetanse. Me har fleire gode hjelpemiddel/læreverk som me kan supplere med i arbeidet med sosial kompetanse. Det er aktivitetar, rollespel, plakatar, vennebøker, forteljingar, filosofering, leikar, musikk som støtter opp under dei ulike tema innan sosial kompetanse, leik og læring.



Vennskap er viktig for barn i alle aldrar. Å vere vener er å møtast i eit forhold der den enkelte opplever seg som godteken og verdsett for akkurat den han eller ho er. Også dei yngste barna har sterke vennsapsrelasjonar, og mange barn gjev uttrykk for at det beste ved barnehagen er å få møte andre barn og leike med vennene sine. Vennskap medverkar til ei kjensle av deltaking og fellesskap som igjen medverkar til positiv sjølvkjensle. Å høyre til ei gruppe gir barn tryggleik og sosial tilknytning. Opplevingar saman med andre barn kan vere vegen inn i nye vennskap. Å etablere vennskap og halde dei ved like er ein viktig faktor i sosialiseringssprosessen og ein førebyggjande faktor mot uheldig og negativ utvikling.

Berekraftig utvikling Miljødag – små steg for kloden

I Onarheim barnehage arbeider me for at barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling handlar om at barna får dekkja sine behov utan at det går utover barna i framtida sine behov. Det vil sei at me legg til rette for at barna skal kunne utvikle evne til kritisk tenkning, etisk handling og vise solidaritet. Barna skal gjere erfaringar med å gi omsorg og ta vare på omgjevnadene og naturen.

Me fortset med miljødagar kor borna ein gang i månaden får hjelpe til å ta vare på miljøet. Denne dagen plukkar me boss, sorterer øydelagte leiker, pantar flasker, kostar uteområdet, m.m.



Kommunikasjon, språk og tekst

«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og påverkast av alle sider ved barnets utvikling. Gjennom dialog og samspell skal barna støttes i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening». (Rammeplan for barnehage).SOL

Barnehagane i Tysnes har laga ein plan for arbeidet med språk i barnehagane. Den heiter SOL (Systematisk Ord Leik). Sol inneheld informasjon om ulike områder me skal arbeide med. Bl.anna kartlegging av språk, språktrening med enkeltbarn, innhald i samlingsstunder, og utstyr til språkarbeid som skal være i barnehagane.



SOL inneheld også informasjon om Språkleiken Bravo. I tillegg til dette skal me dette barnehageåret fortsetje med Språkløyper som er ei nasjonal satsing på lesing, skriving og språk.

Språkleiken BRAVO

Språkleiken BRAVO er ein leik som fremjar barna si språkutvikling, og som aukar ordforrådet til barna. Ved å nytte store ordkort kombinert med bilete, konkrete ting og sansemotoriske aktivitetar, blir barna kjende med sansane sine og med skriftspråket. Barna brukar alle sansane, og lærer mange nye omgrep.

Bravo fremjar barnas motoriske utvikling, og førebur barnet på lese- og skriveinnlæring.



Tilstrekkeleg med oksygen er viktig for barna si læring. Derfor er det lagt inn fysisk aktivitet mellom stasjonane med lesekort. Me nyttar grunnleggjande aktivitetar som rulle, krype, hoppe, åle og liknande.



Barns medverknad

Barnehagen skal sikre barnas rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barn kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige verksemd jf. Barnehagelova §§ 1 og 3.

I barnehagen har me tre ulike begrep me bruker i forbindelse med dette: Medvirkning, medbestemmelse og sjølvbestemmelse. Dette kan det vera vanskeleg å forstå skilnaden på, men i hovedsak handler dei alle om at barna skal få vera med på å påverke sin kvardag i barnehagen i ulik grad. Dette er viktig, då det er barna sjølve som veit best korleis det er å gå i Onarheim barnehage.

Begrepet *medvirkning/medverknad* inneber at barna får oppdage og oppleve at dei har ei eigen stemme dei kan bruke til å påvirke sin kvardag i barnehagen. Dei skal dessuten få erfare å bruke denne stemma i saman med andre. I Onarheim barnehage kjem medvirkning til uttrykk igjennom at barna blir lytta til i forhold til deira interesser og behov. Dette kan til dømes omhandle kva dagen skal innehalde eller at me tar utgangspunkt i kva barna interesserer seg for i forhold til eit prosjekt. Dette krever at dei ansatte er observante på korleis barn uttrykker seg, som til dømes med kroppspråk for dei yngste.



Sjølvbestemmelse

Begrepet sjølvbestemmelse handler om valg som berører kvart enkelt barn. Dette kan til dømes dreie seg om kva dei har lyst til å ha påskjeva eller kven dei har lyst til å leike med.

Medbestemmelse

Begrepet medbestemmelse bruker me i barnehagen ved forskjellige anledningar, kvar det er snakk om at barnet skal få erfare at deirastemme blir tatt på alvor og at det er med på å påvirke fellesskapet.

Barna skal få oppleve - At dei er med å påverkar det som skjer i barnehagen - At dei har eit ansvar for eigen aktivitet og kvardag. - At dei får seie si mening

I det komande barnehageåret blir det viktig for oss å observere kva barna i Onarheim barnehage er oppteken av, slik at me kan leggje til rette for lek og læring kring tema som borna motiverte for «her og no». Borna skal få vere med å planleggje samlingsstunder og andre aktivitetar.

Samarbeid barnehage-heim

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og lek og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Nemningane «hjemmet» og «foreldrene» omfattar òg andre føresette. Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. (rammeplan for barnehagar 2017)



I Onarheim barnehage jobbar me aktivt for å ha eit godt og tett foreldresamarbeid. For oss er det viktig å ha ein ansatt i garderoben på morgonen, slik at både born og foreldre får ein trygg og god start på dagen. Her kan me utveksle enkle beskjeder, gje/få informasjon og samstundes ha rom for å snakke om laust og fast. På ettermiddagen skal me vera tilgjengelig for å gje ein kort rapport frå dagen som har gått, dele informasjon og vere tilgjengelig for spørsmål.

I Onarheim barnehage har me eit foreldremøte pr år, og me har valt å ha det på hausten. På dette møtet informerer barnehagen om nødvendig og aktuell informasjon og grunngeving for barnehageverksemda, samt at me inviterer foreldra til medverknad. Her er det rom både for å stille spørsmål, kome med forslag til aktivitetar og gje tilbakemeldingar som høver seg i plenum. Spørsmål og tilbakemeldingar som gjeldt enkeltborn skal takast på foreldresamtalane. Me har ein foreldresamtale ein gong pr halvår. Samtalen på vårparten er valfri.

Barnehagane i Tysnes kommune har i år gått over til kommunikasjonsplattformen «Visma flyt barnehage». Mesteparten av den pedagogiske kommunikasjonen og dokumentasjonen skjer via Visma flyt barnehage gjennom ein trygg og sikker app på telefonen. Dette er også eit verktøy for personalet for å kvalitetssikre det arbeidet me gjer i barnehagen. Her legg me ut bilete i «dagbøker» for å synleggjere kva borna gjer ila dagane.



De foreldre er ein ressurs som me er heilt avhengige av i vårt daglige arbeid med barna. Gjennom foreldremøter, daglige møter, foreldresamtalar, brukarundersøking og ulike arrangement, er de med på å påverke den pedagogiske verksemda i barnehagen. Det er svært viktig at de er med og støttar opp om og er engasjerte i barnehagekvardagen, samt kjenner dykk trygge på at det er lov til å gje attendemeldingar.

Samarbeidsutval - foreldreråd

«Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldrene. Foreldresamarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldrene til hvert enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalget.» (Rammeplan for barnehage)

Alle barnehagar i Tysnes skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU). Viser til vedtekter for samarbeidsutvalet i Tysnesbarnehagane.

I eit foreldreråd sit alle foreldre/føresette i barnehagen. Dei skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. –lovgrunnlag.

Foreldrerepresentanten er ein viktig kanal å bruke dersom ein ynskjer gjennomslag for ulike saker. Den er foreldrerådet sin representant og sit som leiar i SU. Gjennom regelmessige brukarundersøkingar sikrar me at de som brukarar av barnehagetilbodet har medverknad i det som skjer. Samstundes er det ei stor hjelp for oss i høve det å utvikla oss på det me ikkje er så gode på. Barnehagen skal vera ei verksemd i stadig utvikling. Me er her for å gje barn og foreldre ein god kvardag.



Overganger

- Overganger i barnehagen
- Overgang til skule og SFO

Tysnes kommune har ein eigen plan for overgangen mellom barnehage og skule. Planen skal sikre at barna blir godt kjent med klassekameratar og med skulen. Ein jobbar også med å førebu barna på den nye kvardagen dei kjem til å møte.

Samarbeid med SFO!

Me er stolt over samarbeidet me har fått til med SFO her på Onarheim. Me har laga eit opplegg som er med på å sikre at førskuleborna får ein trygg og god overgang til skulen. Etter haustferien vil førskuleborna ha aktivitetar med SFO ein fast dag i veka, slik at me sikrar at borna blir kjent med skulestruktur, dei fysiske romma, reglar og rutinar.



Førskulegruppa

Kommunen har eigen plan for innhald i førskuletreninga. Planen legg vekt på at alle førskulebarn skal bli kjent med kva som ventast av dei når dei byrjar på skulen. I tillegg til å fylgje denne planen legg barnehagen til rette for skriveførebuande aktivitetar som «Skrivedans» og aktivitetar kor dei skal utvikle sjølvstende. Det er viktig for oss å gje førskuleborna tillit til å klare seg litt på eigahand, oppmode dei til å ta ansvar for sine egne ting, finne løysingar sjølv, og oppleve meistring i den dei er, meir enn det dei gjer.

Kartlegging av fysioterapeut skjer også i forkant av skulestart.



Barnehagen som pedagogisk verksemd

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

For å få barnehagekvardagen til å fungere best mogleg er det viktig for oss at me planlegg og vurderer arbeidet vårt. Me bygger alle planane våre på årsplanen, observasjon av barnegruppa sine interesser, både kollektivt og individuelt, samt attendemeldingar frå dykk foreldre.

Utifrå årsplanen vert det laga periodeplanar, månadsplanar og vekeplanar. Det er heile tida ein plan som ligg til grunn for det arbeidet me utfører ilag med barna, og det skal vera mogleg å sjå at alle planane heng saman.



Jamnleg evaluering/vurdering av alle planar og aktivitetar bidreg til utvikling og progresjon. Me evaluerer arbeidet vårt heile året, og inkluderer ansatte, barn og føresette i evalueringa. Føresette vert inkludert i forbindelse med årsplan og brukarundersøkinga. Personalet evaluerer det pedagogiske innhaldet på personalmøter og avdelingsmøter. Her nyttar me blant anna dialogkafè, drøfting og refleksjon. Me evaluerer avdelingsvis med hjelpemidlar som UDIRs ståstadsanalyser, og attendemeldingar frå dykk føresette.

Vurdering av det pedagogiske arbeidet med barna skjer gjennom skildring, analysing og tolking av planarbeidet som heile tida vert gjennomført. Me tar bornas tilbakemeldingar med i vårt vurderingsarbeid, og er lydhøyre for deira uttrykk og ynskjer.

Me dokumenterer arbeidet vårt i VIGILO/Visma flyt barnehage med bilete og dokumentasjon frå barnehagen kvar veke (Rapportar), samt dokumenterer barnas prosessar og

resultat gjennom ulike utstillingar på avdelingane. Gjennom pedagogisk dokumentasjon skal me synleggjere at me oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.

Fagområda i rammeplanen

Barnehagen jobbar ut frå 7 fagområde. Kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt, og dei går inn i kvarandre. Me jobbar heile tida med fagområda både i strukturerte samlingar og i kvardagsaktivitetar. Dette vil ein kunne sjå og lese om i avdelingane sine pedagogiske planar og dokumentasjon.

- **KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST – ekstra fokus på**
- KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE
- KUNST, KULTUR OG KREATIVITET
- NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI
- MENGD, ROM OG FORM
- ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI
- **NÆRMILJØ OG SAMFUNN – ekstra fokus på**



Samarbeidspartnarar

Barnehagedrifta er omfatta av reglar om opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernstenesta, gjennom barnehagelova § 21 og § 22. Dette inneber at me til det beste for barn, blant anna har eit tett samarbeid med eksterne instansar som PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste), BUP (Barne- og ungdomspsykiatrien), barnevernstenesta, politi og Statens barnehus. Me er også omfatta av Avvergelsesplikta, som er heimla i straffelova § 139 og som omhandlar plikta til å søkje å avverje forbrytelsar.

Barnehagen har i tida før skulestart eit tett samarbeid med skulen for å sikre ein god overgang- til det beste for barnet.

Utanom barnevernstenesta og PPT har barnehagen også eit nært samarbeid med:

- Psykisk helsearbeider for barn og unge
- Synspedagog
- Fysioterapeut
- Helsestasjonen

«Oppvekstmøte»

Ein gong i månaden samlast alle instansane til eit felles møte. Her sikrar me eit godt samarbeid til det beste for borna. «Saman om framtida» er eit styringsdokument for «oppvekst» i Tysnes kommune. «Saman om framtida» har som mål å legge til rette for at barn og unge i Tysnes kommune skal vera rusta for framtida og oppleve livsmestring! «Oppvekst» har ansvar for å gjennomføre planen.

<https://www.tysnes.kommune.no/?id=6010369&cat=408604>

Kartlegging av syn


Det er viktig å kartlegge synet til barn som strevar med språk, motorikk, sosial samhandling og konsentrasjon. Synsvanskar kan hemme barnet i mange situasjonar, spesielt når dei skal jobbe med lesing over tid. Forsking seier at 15 – 20 % av alle barn i skulealder strevar med ulike synsvanskar som kan hemme deira leseutvikling og læring. Tysnes kommune har ein synspedagog som skal kartlegge og eventuelt gje synspedagogisk opplæring til barn som har svekka samsyn og liknande. Det vil då bli rutine at ein kartlegg synet til alle 6 åringar året før dei byrjar på skulen, og andre barn i barnehagen dersom det er mistanke om synsvanskar.

Progresjon

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får variert høve til lek, aktivitetar og læring. (rammeplan for barnehagen 2017)

Progresjon for oss i Onarheim barnehage er å møte borna der dei er, og gje dei utfordringar tilpassa alder og funksjonsnivå. Me er oppteken av å ha i fokus at det borna klarer med hjelp av ein voksen i dag meistrar det åleine i morgon. Det er viktig for oss å byte ut leiker med jamne mellomrom, og å følgje med på kva borna er oppteken av.

Progresjon skal skje i alle ledd av bornas kvardag i barnehagen. Både i leiken, individuelle mål, pedagogisk materiale, planlegging og i alt me gjer.



ÅRSHJUL

August: Oppstart. Trygg tilknytning. Fokus på aktiviteter ute.

September: Brannvern. Naudetatar- brannbil på besøk. Foreldremøte.



Oktober: Nærmiljø og samfunn- trafikk. Forut. Mat frå forut. Refleksdagen. Foreldresamtaler. Sykkeldag.

November: Kunst, kultur og kreativitet. Julegåver.

Desember: Etik, religion og filosofi- advent. Julekos – nissemarsj, grautfest. Lucia frukost. Overgangar. Fokus på vinter



Januar: Mengd, rom og form.

Februar: Språk, kommunikasjon og tekst. Samef. Fastelavns fest. Karneval.



Mars: Mat og helse. Berekraftig utvikling. Barnehagedagen. Vaffeldag. Fokus på vår.

April: Natur, miljø og teknikk. Berekraftig utvikling - planting. Påskemarkering. Foreldresamtaler.

Mai: Mini 17.mai.



Juni: Sommaraktiviteter. Avslutningsfest. Fokus på sommar.

Nyttige lenker

<http://www.tysnes.kommune.no/getfile.php/3669246.2288.wtydvqcsbu/Plan+for+f%C3%B8rebyggande+arbeid+mot+mobbing+i+barnehagen.pdf>

<http://www.tysnes.kommune.no/getfile.php/3979772.2288.kztksqzquubaal/Vedtekter+2017%2C+med+endring.pdf>

http://www.tysnes.kommune.no/getfile.php/3960911.2288.w7sijppmtznqpt/Hefte_Lena_sideforside.pdf